Telemark Bonde- og Småbrukarlag

Årsmelding 2019

Tillitsvalgte i Telemark Bonde og Småbrukarlag 2019

Leder: Sondre Aasan, tlf.: 458 72 979 sondreaasan@hotmail.com
Flatdalsvegen 920, 3841 Flatdal

Nestleder: Regina Brajkovic tlf.: 988 79 341 brajkov@online.no
Kjølebrøndsveien 68, 3766 Sannidal

Styremedlemmer:
Vibeke Pedersen (Dalen) tlf.: 922 89 222 dalenhandel@gmail.no
Edvard Eikemo (Sauland) tlf.: 948 80 309 edveik20@gmail.com
Gunleik Mæland (Flatdal) tlf.: 959 45 691 gunleikm@gmail.com

Vara:
1. vara: Halvor Øygarden (Rauland) tlf.: 909 18 619 halvorarabygdi@gmail.com
2. vara: Barbro Stordalen (Tinn) tlf.: 910 00 226 bstordalen@gmail.com
3. vara: Arne Loftsgarden (Hjartdal) tlf.: 911 99 049 arneloftsgarden@hotmail.com

Revisorer: Arvid Lia (Notodden) og Halvor Øygarden (Rauland)
Rovdyrkontakt fra Telemark i NBS: Regina Brajkovic
Organisatorisk nestleder og vara til forhandlingsutvalget i NBS: Kathrine Kinn
Medlem i ungdomsutvalget i NBS: Linn Beathe Esborg
Medlem i utmarksutvalget i NBS: Arne Vinje

Representant i Telemark Landbruksselskap: Regina Brajkovic
Representant i Landbruksråd Øst: Sondre Aasan og Kari Tellefsen
Representant i styringsgruppa til forskningsprosjektet Klimarobust landbruk: Jan Phillips Olsen

Fylkessekretær: Kari Tellefsen tlf.: 454 055 54
Jordivegen 29, 3890 Vinje Kari.Tellefsen@nenett.no
Organisasjonsnummer: 913 568 265 konto nr.: 2699 11 06676

Hjemmeside: www.smabrukarlaget.no
FB side: https://www.facebook.com/telemaksmabrukarlag

Foto framside: Signe Vinje

NÆRINGSLIV: Jordbruksoppgjeret i gang

Kvifor ha jordbruk i Noreg?

Årets jordbruksoppgjer er i gang. Departementsråd Forsell meiner kravet er for ambisiøst, medan Trygve Hegnar meiner vi bør importere maten framfor å bruke pengar på jordbruk i eit høgkostland. Intet er altså nytt under solen, men kva får vi igjen for milliardane over jordbruksavtala?

Fyrst det opplagte, jordbruket skal produsere mat og forsyne landet med maten det treng også i krig eller krise. Men jordbruk på sitt beste produserer ikkje berre god, trygg og nok mat, det produserer også vakre kulturlandskap, matkultur, biomangfald, beredskap, levande bygder, sysselsetting, og eit mangfald av smaks- og andre sanselege opplevingar. Desse er blant fellesgodene landbruket produserer, som vi alle har glede av.

Fellesgodene er viktig for å sikre jordbrukets legitimitet og oppslutning blant folk. For ja, vi kunne gjort som Trygve Hegnar vil og avvikla norsk matproduksjon og heller handla billig mat på verdsmarknaden. Og ja, isolert sett kunne vi kanskje spart nokre kroner på dette. Men kor mange tusen motorsagkyndige måtte vi då sendt ut for å stelle kulturlandskapet like fint som beitedyra gjer? Og kva med all verdsskapinga frå jordbruket og næringsmiddelindustrien? Og kva skulle vi gjort den dagen ingen ville selje mat til oss? Vi kan importere mat, men vi kan ikkje importere eit vakkert kulturlandskap eller dei andre fellesgodene landbruket gjev.

Volumpolitikken som har blitt ført under dei ulike Solberg-regjeringane har resultera i overproduksjon. Dette samstundes med at sjølvforsyningsgraden er rekordlåg. Beitebruken går nedover, medan kraftfôrbruken med til dels langreiste råvarer går opp. For å få bukt med overproduksjon må vi bruke meir norsk ressursar, spesielt utmarksbeite, og mindre eksotiske innsatsfaktorar frå andre kontinent, slik som soya i kraftfôret. Meir beitebruk gjev oss eit landbrukspolitisk kindergg i form av: gode kjøt- og mjølkeprodukt, god dyrevelferd, og eit vakkert kulturlandskap.

I Telemark har vi lite dyrka jord, men desto større beiteressursar i utmarka. Bonde- og Småbrukarlaget vil i dette og i framtidige jordbruksoppgjer jobbe for at det skal løne seg å bruke irrgrønt smylegras i utmarka, framfor soyabønner frå Brasil som legg press på regnskogen. På kjøpet får vi vakre kulturlandskap her til lands, og vi øydelegg ikkje natur andre stadar i verda.

Jordbrukspolitikken innverkar på så mykje meir enn lommeboka til bonden, den er bokstaveleg talt med på å forme landet vårt. Jordbrukspolitikken er noko som vedkjem alle. Det er ikkje for bøndanes skuld at vi har ein landbrukspolitikk, like lite som vi har ein helsepolitikk for leganes skuld, eller ein forsvarspolitikk for offiseranes skuld. Vi har ein landbrukspolitikk for å forsyne landet med kvalitetsmat og andre godar. Det kostar, men det er verdt det.

Jordbrukets faglag har vore edruelege i utforminga av kravet til staten, med ein stor kostnadsauke som bakteppe er kravet svært moderat. Vi vonar at KrFs landbruksminister set pris på eit edrueleg krav og velsignar innsatsen til bøndene med eit godt tilbod.

Sondre Aasan
leiar Telemark Bonde- og Småbrukarlag

Startar meieri og gardsbutikk

Av Olav Åsen Haugsgjerd, Vest-Telemark Blad

Lina og Sondre med ungane framom det nye meieriet med utsal. Foto: Olav Åsen Haugsgjerd

Eit gardsmeieri med butikkutsal av den lokale spesialiteten knaost, kjem snart i Flatdal. På garden til familien Aasan skal kundane få høve til å følge produksjonen frå kyr til handelsdisk.

– Me har hatt planar om dette i fleire år, og før jol tok me til med ombygginga. Foredling sommarstid på stølen er noko me har drive med sidan me tok over garden for tre år sidan. No ynskjer me å lage ost året rundt, fortel Aasan.

– Knaost, eller knåost, var noko som vart laga på kvar gard for ikkje mange år sidan og som har røter mange hundre, for ikkje å seie tusen år tilbake i tid. Den liknar på pultost, men er ein lokal variant frå Vest-Telemark, held han fram. Aasan fortel at det sommarstid er fem-seks andre produsentar av osten, men at etterspurnaden er så stor at dei ikkje får levert så mykje som dei ynskjer.

– Me plar lage mellom 700 og 800 kilo om sommaren. Etter kvart skal me også lage smør og rjome i meieriet, seier han.

Noko av poenget med gardsmeieriet er å syne kundane heile prosessen. Difor er det laga store vindauge i butikklokalet inn mot både meieriet og til fjøset.Landbruket har nå lagt fram et grundig forhandlingsdokument om klimagassreduksjoner med forslag til tiltak, og jeg håper vi kommer i mål med gode løsninger.

Lokallag i Telemark 2019

Hjartdal og Notodden BS:

Leder	Edvard Eikemo, Sauland tlf.: 948 80 309 edveik20@gmail.com
Sekretær:	Helle K Gjerde, Sauland tlf.: 992 58 790 hkaufman@online.no
Kasserer	Eivor Bjerke, Sauland tlf.: 988 22 994 eivor.bjerke@gmail.com
Styremedlem:	Svein Olav Skårdal, Sauland svein-olavm@hotmail.com
Vara:	Kjetil Lonar Bøe, Sauland tlf.: 976 43 449 lonarbygg@outlook.com
Revisor	Bjørn Gjestrud, Notodden bgjest@gmail.com

Vest- Telemark BS:

Leder:	Gunnar Haugo, Rauland tlf.: 975 78 643 ghaugo@telefiber.no
Nestleder:	Sondre Aasan, Flatdal tlf:458 72 979 sondreaasan@hotmail.com
Sekretær:	Svein Kostveit, Rauland tlf.: 480 37 560 svein.kostveit@air.no
Styret	Lars Berge Haugan, Morgedal tlf.: 958 00 086
	Tor Mølster Byggland, Øyfjell tlf.: 952 16 730
	Halvor A Versto, Vinje tlf. 934 90 454/ 911 46 242
	Bjørn Thore Kvålseth, Kviteseid tlf.: 917 23 968
	Ellen Nordahl, Tokke tlf.: 906 18 247
Vara:	Sigmund Romtveit, Vinje
	Elisabeth Haugarne, Haukeli
	Øystein Kostveit, Vinje
	Tov Larsen Espelid, Seljord
	Edvin Tveiti, Rauland

Nedre Telemark BS:

Leder:	Jan P Olsen, Gvarv tlf.: 901 54 521 jan.phillips.olsen@vtfk.no
Styre:	Regina Brajkovic, Sannidal tlf.: 988 79 341 brajkov@online.no
	Linn Beathe Esborg, Porsgrunn tlf.: 926 38 882 linn.esborg@gmail.com
Vara:	Bjørn Dagsrud, Skien
	Halvor Sunde, Nordagutu

Tinn BS

kontaktperson:	Barbro Stordalen Austbygde tlf.: 906 42 304 **Bstordalen@gmail.com**

TELEMARK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG

Ønsker velkommen til fylkesårsmøte lørdag 7. mars 2020 i Bø Prestegård.

Program

kl. 09.30 Årsmøtesaker. Gjest fra Norsk Bonde- og Småbrukarlag er Ståle Støen. Han er 1. vara til sentralstyret og leder i rovviltutvalget i NBS.

kl. 12.00 Matpause

kl. 13.00 GOD AGRONOMI I FRAMTIDAS LANDBRUK - åpent møte om klimarobust landbruk i samarbeid med ungdomsutvalget i NBS.

Hva må vi forberede oss på når været blir varmere, våtere og villere?

Hva kan vi gjøre for å ta vare på og forbedre jorda, minske utslipp, øke karbonbindingen og samtidig oppnå god økonomi?

Innledere er

Konvensjonell kornbonde Henrik Kjeldsen fra Ulefoss,
Økologisk kornbonde Hellek M. Berge fra Hørte,
Meteorolog Inger Hanssen-Bauer
Forsker fra NIBIO, Erik Joner.

Appell fra medlem i ungdomsutvalget, Linn Beathe Esborg.

Velkommen!

Årsmøte 2019

Telemark Bonde- og Småbrukarlag holdt årsmøte 23. februar 2019 på Århus gård i Skien. Gjester på årsmøtet var nestleder i NBS, Kathrine Kinn og Aksel Nærstad fra organisasjonen «More and better». Nærstad holdt et foredrag om global landbruksproduksjon i klimaperspektiv fram mot 2080. Det spås at produksjonsjord går ut av drift på grunn av tørke og mangel på biologisk mangfold. Det er positivt at nedbyggingen av landbruksjord i Norge har stagnert de siste åra. Industrilandbruket begynner å bli gammeldags. Det er stadig større oppmerksomhet på bærekraft, økologi, helse og dyrevelferd.

Dagen ble avsluttet med en omvising i jernaldergården som ble rekonstruert i 2004 av frivillige ildsjeler. Med sus fra fortiden og lukt av treverk og bål ble vi ble møtt av en engasjert forteller.

Nome
VIDEREGÅENDE SKOLE

AVDELING SØVE
Søvevegen 12, 3830 Ulefoss.
Tlf. 35 91 87 00. E-post: nome.vgs@vtfk.no
Hjemmeside: www.nome.vgs.no

Se også våre filmer om utdanningen og skolen på You-tube link på vår hjemmeside.

Skoletilbudet 2020/21 - med forbehold om godkjenning fra Vestfold og Telemark fylkeskommune

- VG1 Naturbruk
- VG2 Skogbruk – skogsoperatør
- VG2 Skogbruk - jakt, fiske og friluftsliv
- VG2 Landbruk og gartnernæring – inkl. husdyrfag
- VG2 Heste- og hovslagerfaget
- VG2 Landbruk og gartnernæring
- VG2 Anleggsgartner og idrettsanlegg
- VG3 Studieforberedende Vg3 naturbruk – generell eller spesiell studiekompetanse med fordypning i biologi eller kjemi og matematikk.
- VG3 Landbruk - gir agronomfaglig utdannelse i landbruk
- VG3 Påbygging til generell studiekompetanse

Skolen tilbyr også 2-årig voksenagronomkurs fra høsten 2020, deltid
Se https://nome.vgs.no/utdanningstilbud/voksenagronom-telemark
Ta kontakt ved interesse.

Skolen har internat med 60 plasser, stallplass, kennel, smådyravdeling som alle kan brukes av elever ved skolen.
Skolen har en regional betydning som skole for elever fra mange fylker. For fagskole og universitetskurs skogbruk kommer studentene fra hele landet.
Ta kontakt med skolen for nærmere informasjon. Velkommen skal du være!

Arbeidsåret 2019

Ny leder og ny sekretær. Helle K. Gjerde sluttet som sekretær etter årsmøtet i 2019. Hun har vært sekretær siden 2014 og gjort en kjempeinnsats for å løfte laget. Vi takker for innsatsen! Kari Tellefsen gikk av som leder og har fått jobben som ny sekretær. Ny leder er Sondre Aasan.

Vi har hatt 12 styremøter og behandlet ca. 80 saker. Mange av møtene har vært helt eller delvis telefonmøter. Vi har også deltatt i fylkesledermøter, representantskapsmøter og telefonmøter med NBS i forbindelse med jordbruksforhandlingene og kvoteforhandlingene.

Vestfold og Telemark. Telemark er nå ikke lenger eget fylke, men Telemark Bonde- og Småbrukarlag består som før. Ingunn Sømme, Lasse Asmyhr og Kari Mette Holm fra Fylkesmannen i Vestfold og Telemark var på besøk for å bli bedre kjent med Telemark og TBS. Vi var på besøk hos Sondre på flate Flatdal og hos Kathrine og Gunleik i det bratte Flatdal. Kontrastene var store, og diskusjonen om RMP, teigtilskudd og sonegrenser for AK-tilskuddet blei tydelig visualisert. Det var et nyttig møte for begge parter, og vi takker for initiativet fra Fylkesmannen.

Foto: Kari Tellefsen

På grunn av det store arbeidet med å omorganisere fylkesmannsembetet har det ikke vært kontaktmøter mellom organisasjonene og Fylkesmannen som tidligere år. I forbindelse med regionreformen er det regionale næringsprogrammet for jordbruket – RNP, overført fylkeskommunen. Vi har hatt telefonmøte med Karl Otto Mauland som er kontaktperson for organisasjonene og deltatt på møtet der det ansvaret formelt blei overført.

Utdrag av høringsuttale om nytt regionalt miljøprogram: *Noko av formålet med RMP er å oppfylle samfunnsoppdraget på dei områda som elles ikkje er økonomisk lønsame, og som ikkje er lovpålagt. TBS har full forståing for at det er ynskjeleg å bruke meir gulrot enn pisk i arbeidet med å redusere tap av humus og næringssalter til vassdrag, men ser det som uheldig at ein ved det svekker økonomien i dei marginale områda, og gjev mindre stimuli til å ta vare på kulturlandskapet.*

Utdrag av høringsuttale om engangspurker: *Praksisen med eingongspurker gjer at svinebønder kan produsere tre til fire gonger meir enn det konsesjonsregelverket legg opp til. Eingongspurker undergrev målet om at svineproduksjonen skal spreiast på mange produksjonseiningar. Eingongspurker fører til større besetningar som i sin tur aukar smittepresset, samstundes som praksisen reiser etiske problemstillingar.*

Jordbruksforhandlingene. Norsk Bonde- og Småbrukarlag inngikk avtale med staten og Norges Bondelag om årets jordbruksoppgjør. I ettertid gikk diskusjonen på face-book: Arne Vinje: *Det er lett å skjøne at mange kjenner seg oppgjevne og frustrerte av eit nytt jordbruksoppgjer som ikkje endrar retninga og snautt nok bremsar farten i feil lei. Men kom i hug at avtaleinstituttet er rigga slik at det ikkje er mogleg å få gjennom ein jordbrukspolitikk som fleirtalsregjeringa ikkje ønskjer. Jordbruksforhandlingane er ein arena som NBS er nøydd til å vera med på, men der ein ikkje kan vente noko gjennombrot for det me stend for. Då visst ikkje i desse tider. (…) Avtaleinstituttet bør leggjast om frå å etterlikne eit tariffoppgjer det staten og jordbruket er motpartar, til eit organ der partane i fellesskap finn fram til dei tiltaka og støtteordningane som gjer det mogleg å produsere mat over heile landet på våre eigne ressursar. Å koma dit krev ein brei og samordna politisk innsats. Utan organisering kjem me ingen stad, og eg ser ingen andre organisasjonar som eignar seg betre enn NBS til å arbeide for ei endring.*

Slåttefestivalen. Leder i Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Kjersti Hoff, holdt festivaltalen i år, og Bonde- og Småbrukarlaget hadde stand både der og på bygdedagen i Sauland.

Fagdag beitebruk. Vi arrangerte fagdag beitebruk i Hjartdal i juni i samarbeid med Fylkesmannen. Takk til Fylkesmannen for økonomisk og praktisk hjelp og takk til fylkeskommunene for støtte. Se reportasje fra Bondevennen side 27.

Støylsdag. Telemark BS og Vest-Telemark BS arrangerte støylsdag på Kråkeroe hos Lina og Sondre Aasan 28. juli. Det blei en strålende dag med godt vær, god mat å få kjøpt, god stemning, godt slåttespill og basar med mange flotte gevinster. Flere hundre mennesker hadde tatt turen og vi fikk starte valgkampen med politisk debatt om bruk av utmark og beiteressursene. Se avisreportasje «*Politikk for folk og fe i fjellet*» side 21

Dyrsku'n er vår viktigste arena for å møte mange bønder og forbrukere. I år var det debatt mellom leder i Norsk Bonde- og Småbrukarlag, Kjersti Hoff for leder i Norges Bondelag, Lars Petter Bartnes med tema: *Er det bruk for to organisasjoner i landbruket?*

Standen vår har en god strategisk plassering innenfor låvedøra i husdyrhallen. Årets budskap handlet om hvor fôrressursene blir hentet og bruken av soya i norsk kjøtt- og fiskeproduksjon. Det ga fin anledning til å komme i dialog med publikum. Takk til alle som stilte på stand!

I landbruks-quizen stilte vi disse spørsmålene:
Til voksne: Hva er hovedårsaka til klimakrisa?

1. Stor økning i antall drøvtyggere (ku sau og geit) som slipper ut metan
2. Stor økning i forbrenning av fossilt energi til transport, industri og oljeutvinning
3. Naturlig variasjon



Til barn: Hvorfor trenger vi bier?

1. De summer så koselig
2. De er fine å se på
3. De hjelper oss til å produsere mat

Ung-Bonde-samling på Lifjell i oktober. Sondre og Aslak Snarteland var invitert til å holde innlegg med temaet «Er det ei framtid i norsk mjølkeproduksjon?» Nedskalering av melkeproduksjonen var et naturlig tema.

Nedskalering av melkeproduksjonen. I august inviterte Tine AU iTelemark, Telemark Bonde- og Småbrukarlag og Telemark Bondelag til innspillmøte om nedskalering av mjølkeproduksjonen. Sondre og blant andre Bjørn Gimming, 1. nestleder i bondelaget, holdt innlegg om nedskaleringa og hvordan de to faglaga posisjonerte seg før forhandlingene tok til.

Forhandlinger om mjølkekvoter. Med bakgrunn i stans av eksport av jarlsbergost, økt import og lavere forbruk av konsummjølk har partene i jordbruket forhandlet om nedskalering av mjølkeproduksjonen. Norsk Bonde- og Småbrukarlag slo ring om alle produsenter og mente at det i størst mulig grad bør brukes forholdstall og ikke oppkjøp. *– Vi har ikke en melkeprodusent å miste. Vi må beholde mangfoldet av små, mellomstore og store enheter for å nyttiggjøre oss de grasarealene og fôrressursene vi har i dette landet. Derfor ville vi også at de 100.000 første literne av kvota på hvert gardsbruk ikke skulle reduseres* sa Kjersti Hoff. Etter forhandlinger med Bondelaget blei kravet redusert til frikvote på 30.000 liter. Staten avviste kravet. Bonde- og Småbrukarlaget kunne ikke signere en avtale der utfallet blei større konsentrasjon av mjølkeproduksjonen på færre bruk og bøndene sjøl skulle betalte mye av oppkjøpet.

Landsmøte. Her er gjengen fra Telemark. Fra venstre: Gunnar Haugo, Regina Brajkovic, Sondre Aasan, Vibeke Pedersen, Gunleik Mæland, Tor M. Byggland Svein Olav Skårdal, Ingebjørg Kristense Øygarden, Edvard Eikemo.

Vest-Telemark fikk vervepremie i år også. Gratulerer til aktivt lokallag!

Regina la fram resultat fra gentesting av ulv som var gjort på ForGen, et laboratorium i Tyskland. Det skapte oppsikt og debatten om hvordan arbeidet skulle videreføres var viktig. Landsmøtet avgjorde at styret i NBS er eier av prosjektet, styret har det formelle ansvaret videre. Les *En ulvethriller»* på side 19.

Gentesting av ulv. Arbeidet med gentesting av ulv har pågått i hele 2019, men resultatene blei først offentliggjort i forbindelse med landsmøtet. Prosjektet blir videreført av rovviltutvalget i NBS, men rapporterer til styret.

Regina på talerstolen, foto: Leonid Rødsten

Sauekjøtt. Store lager av sauekjøtt fikk medias søkelys i høst. VTBS inviterte til en dag der det blei trylla fram utsøkt mat av den «uselgelige» råvara. På Hauge i Arabygdi blei det servert sauekjøtt av beste slag til presse, Fylkesmannen og andre.

Telemark landbruksselskap. Regina Brajkovic er nestleder i styret for Telemark landbruksselskap på vegne av TBS. I lys av regionreformen er det nødvendig å drøfte hvordan TL og dermed Dyrsku'n skal styres framover. I dag sier vedtektene at en må være bosatt i Telemark for å kunne sitte i styret. Dette skal luftes på representantskapsmøtet 16. april.

Klimarobust landbruk. Prosjektet er avsluttet og rapporten kan leses i sin helhet her: https://intra.tmforsk.no/publikasjoner/filer/3494.pdf.

Oppsummering av tiltak for å ruste kornproduksjonen i Vestfold og Telemark mot mer ekstremvær.

Tiltak	Hvorfor	Hva kan det innebære
1 Ta vare på og styrke jorda	Styrke jordens evne til å holde på og slippe gjennom vann. Styrke jordas struktur og aggregat. Redusere erosjon. Holde lavere temperatur i jorda, bremse uttørking. Motvirke jordpakking og jordskader. Bedre spireforhold og vekstforhold generelt.	- Drenering - Redusert jordarbeiding, eks. direktesåing og redusert pløying - Vekstskifte med eng, erter og kløvervekster - Mer bruk av underkulturer, dekkvekster - Tilføre organisk materiale til jorda, f.eks. i form av kompost, slam, talle
2 Spre og redusere risiko	Redusere tap i ekstremværsituasjoner. Skape flere tilpasningsmuligheter.	- Mer mangfold i hva man dyrker av korn og andre vekster - Produksjoner som krever arbeid til ulike tid - Ulike skifter som man kan «sjonglere» med etter behov - Redusere bruk av innsatsfaktorer som sprøyte-midler, gjødsel, og diesel når mulig
3 Styrke kornøkonomien	Styrke kornproduksjonen generelt og i møte med ekstreme sesonger. Bedret vedlikehold, tilgjengelighet og kapasitet på nødvendig infrastruktur.	Fornyet drenering, vedlikehold av bekker og opprydding i grøfter - Fasiliteter for tørke, lager, levering og mottak; økt kapasitet og mulighet for bedre timing - Egen maskinpark, tilgjengelig når man har vindu til å gjøre et arbeid - En opplevelse av rettferdig betaling for nedlagt arbeid, f.eks. større belønning for gode avlinger og avlinger markedet etterspør - Forutsigbarhet i tilskudds- og støtteordninger
4 Riktig jobb til riktig tid	Å kunne utnytte de små mulighetsvinduene og kjenne igjen hva som er det optimale tidspunktet til å gjøre en jobb. -	Å ha eget utstyr eller en gunstig avtale med dem man leier utstyr eller kjøper entreprenørtjenester av - Planlegge slik at gårdens produksjoner krever arbeid til ulik tid gjennom sesongen - Medlemskap og kontakter i landbruksrådgivningen som kan bistå ved akutt behov
5 Videreutvikle lokal kunnskap	Kunnskap kan bidra til klimatilpassing, særlig når kunnskapen er direkte relevant og anvendbar for den enkelte produsent.	Forsøksstriper på gårdene - Utprøving av ulike dyrkingsteknikker, vekster og sorter - Teknologiutvikling - Værprognoser - Kunnskapsdeling i grupper med rådgiver

Samarbeidsrådet Øst/Landbruksråd Øst. Samarbeidsrådet Øst har skiftet navn og struktur, og heter nå landbruksråd Øst. Bonde- og Småbrukarlagene i vår region som omfatter Viken og Vestfold og Telemark er representert i arbeidsutvalget av Ketil Jørstad. Vi takker for støtten fra LØ til å kunne arrangere politikerdebatt på støylsdagen.

Landbrukssamvirkene
Norsk Landbrukssamvirke er en interesseorganisasjon for 17 bondeeide samvirkebedrifter i landbruket. De jobber for at samvirkebedriftene kan fortsette med sitt viktige arbeid for norske forbrukere, industri og samfunnsliv.

Landbruksråd.
Landbruksrådet er et samarbeidsforum mellom landbrukssamvirkene og faglagene som skal bidra til å fremme landbrukets felles interesser i regionen.

Landbruksrådet skal

- Være en arena for læring, nettverksbygging og koordinering for tillitsvalgte og ansatte på regionalt nivå,
- Bidra til en koordinert samfunnskontakt i regionen og
- Delta i utvikling av regional grønn næring og bruk av regionale virkemidler.

Landbruksrådene kan økonomisk støtte til faglagene for å gjennomføre tiltak i tråd med formålet.

Treffpunkt Øst. Som en del av virksomheten til Landbruksrådet arrangeres temakonferansen «Treffpunkt Øst» på Sundvollen 3-4 november 2020. Det vil bli et

variert program om klimatilpassing i landbruket, Reko-ringer og hvordan få mer norske matvarer i butikkene. Fullstendig program og invitasjoner kommer senere.

Vi gratulerer Tjønnås Økogard for å være godkjent som Økoturismedestinasjon.

Foto: Kari Tellefsen

«Økoturisme er berikende natur- og kulturopplevelser, tilrettelagt av ansvarlige reiselivsbedrifter med omsorg for sine gjester, miljøet og lokalsamfunnet de er en del av» skriver Hanen.

Foto: Kathrine Kinn

Hyllar sauekjøtet: - Det er rart at ein ikkje finn meir av dette i butikkane

Foto: Olav Åsen Haugsgjerd

Rovvilt

Eksempel på registrering

Rovviltkontakt
Alle fylkene i Norsk Bonde og Småbrukarlag har oppnevnt rovviltkontakt. Rovviltkontakten har rovvilt i fylket som sitt ansvarsområde og ved spørsmål kan rovviltkontakten ringes.

Rovviltkontaktene fra hele landet har noen telefonmøter hvert år. Rovviltkontakten har også deltatt på to samrådingsmøter i Region 2, en før beitesesongen på våren og en for å oppsummere beitesesongen på høsten. På disse møter deltar leder i rovviltnemda, SNO representant samt faglagene fra alle fylkene i region 2

Gaupejakta i region 2 har vært godt organisert og kvoten ble nesten fylt etter god planlegging av jakta. I 2019 var det også ei gaupe med en unge som tok for seg 21 sauer og lam i en sauebesetning i Drangedal. Det ble gitt fellingstillatelse og gaupemor og ungen ble skutt.

Det ble skutt en ørn i nødverge i Fyresdal i 2018, og skytter ble frikjent både i tingretten og lagmannsretten.

Det har også vært ulv gjennom Telemark i beitesesongen. Det ble dokumentert skader i Tinn, Nissedal og Fyresdal, mens skader i Tokke ikke lot seg dokumentere. For å finne og dokumentere rovdyrskader kan det være lurt å lære opp hunden til å søke kadaver. Hunden klarer dette langt bedre enn oss!
Finner du kadaver, så skriv en lapp med dato, gps posisjon, øremerke og eier på en lapp og legg ved kadaveret når du tar bilder. Nummerer gjerne lappene.Når du har funnet 10 kadaver gjennom sommeren husker du ingenting lengre.
Selv om du bare finner noen knokler, er det lurt å dokumentere det du finner og sende inn sammen med erstatningskravet. Det beviser at du går tilsyn.

Sporing av rovdyr er viktig. Vi må få dokumentert rovdyra, selv om det kan være deprimerende lite effekt av jobben. Meld alle observasjoner inn til SNO og til Skandobs. Begge plasser. Skandobs er synlig for alle, og ingen sletter dine observasjoner. SNO er ikke like flinke å til å notere alle observasjoner men bilder og spor må de jo notere.

Ved spørsmål eller problemer, kontakt Regina Brajkovic, Tlf. 988 79 341

VELKOMMEN TIL VÅRT
FABRIKK-
UTSALG
Man-tors kl. 10-16
Fre. 10-17 Lør 11-14
OPE HEILE ÅRET
Visste du at Noregs einaste garveri ligg i Ølensvåg?
VASKBARE SAUESKINN
REINSDYRSKINN
HJORT-, ELG- OG RÅDYRSKINN
LÆR OG MØBELHUD M.M.
100% naturleg - kvalitet sidan 1951
GRANBERG GARVERI AS
SPØR OSS OM BEREDNING
GRANBERGGARVERI.NO - LIK OSS PÅ FACEBOOK - GRANBERG GARVERI AS, BJOAVEGEN 187, 5582 ØLENSVÅG - 52 76 50 00

LEVERER DU DYRENE DINE TIL JENS EIDE SLAKTERI?
· Eneste slakteri i Agder - Telemark
· Kortreist transport - God dyrevelferd
· Lokalt og nært - Nødslaktvakt
· Egne biler - Erfarne sjåfører
· Dyktige fagfolk - Stor fleksibilitet
· Fra bås til bord - Slakting og foredling
· Returslaktordning - Gårdslogo og vakuumpakking
· Gode betingelser - Konkurransedyktige oppgjør
NYSGJERRIG?
Ring oss for en prat på tlf 37 40 34 00
www.slaktereide.no
JENS EIDE
Din lokale slakter
LILLESAND · SØRLANDET

En ulvethriller

Av Hans Bårdsgård, NATIONEN

Foto: Svein Egil Hatlevik

En småbruker fra Telemark kan ha skrevet om historien om norsk ulv. Det ligner en Hollywood-film.

Ny Brockovich: Regina Brajkovic (t.v. her med Vibeke Pedersen) har gravd fram nye data om norsk ulv.

På en kveldsmørk parkeringsplass i de dype skoger ligger en rykende, død ulv. Uniformerte tjenestemenn fra Statens Naturoppsyn laster ulven på et lasteplan, og setter kursen mot labben i Trondheim.

Når veistøvet har lagt seg, kommer noen ut av mørket og skraper opp blod fra snøen der ulven har ligget.

Fortellingen om den skandinaviske ulven har vært en solskinnshistorie om gjeninnvandring fra genetisk vill, nordisk ulv fra Finland. Regina Brajkovic kan ha skrevet om historien til thriller.

Nestlederen i Småbrukarlaget i Telemark ligner Erin Brockovich både i navnet og gavnet. Begge har gravd frem kildemateriale som forteller en annen historie enn den makta forteller

Erin Brockovich påviste sammenheng mellom aktiviteten til storkonsernet PG&E og forurenset drikkevann og helseskader i småbyen Hinkley. Historien ble filmatisert i 2000, med Julia Roberts i hovedrollen.
Brockovich klarte å grave fram nok dokumentasjon til at hun fikk ut tidenes høyeste erstatningsbeløp fra forurenseren.
Brajkovic har fått gravd fram blod som viser at av sju skutte ulver i Norge var ingen i slekt med finske ulvetisper. Derimot er det slektskap med hunndyr både i Latvia og en dyrepark i Frankrike. Også i ulvesonen vil nok folk ha erstatning for det de mener er genetisk forurensning av lokal natur.
Småbrukerdetektivene i Telemark har ikke latt seg friste til å trekke luftige konklusjoner av labresultatene. Det holder å vise et Europa-kart, og spørre: Hvor troverdig er det at ulv trekker fra Frankrike via Tyskland, Baltikum, Russland og Finland?
Ikke at det forhindrer konspirasjonsteorier. Texas-vernerne i Rovviltets Røst spekulerer allerede i at Småbrukarlagets ulveprøver stammer fra Slovakia. Slik løshundjegere spekulerer i at staten har sluppet ut ulv fra biler i Trysil.
I 2016 bestilte Stortinget en utredning av ulvens genetiske opphav. Også Norskog og nå altså småbrukarlaget har gjort lignende bestillinger.
De foreløpige resultatene er en suppe. Miljødirektoratet har funnet at ulven kommer fra Finland og Sibir. Norskog-resultatene konkluderer ikke tydelig med hvor skandinavisk ulv kommer fra. Forskere ved Universitetet i Uppsala finner at skandinavisk ulv har finske aner på farsiden. Nå dukker det altså opp en fransk dyrepark-ulv på morsiden.
Miljømyndighetenes offisielle historie om ulvens opphav rokkes ikke av rykter om biler som slipper ut ulv i skogen. Labresultater fra Tyskland er en annen petriskål. Slike må tilbakevises med nye labresultater.
Også genetikk har grenser. Det er meget mulig at NTNU Vitenskapsmuseet, som har fått i oppdrag å finne Sannheten om norsk ulv, ikke klarer å finne annet enn sannsynligheter.
En thriller blir det uansett. Om noen år går vi kanskje på kino og ser "De franske ulvene" med Ane Dahl Torp i rollen som Regina Brajkovic.

Politikk for folk og fe i fjellet

Av Arne Vinje, på trykk i Bonde- og Småbrukar

Interesserte, men ikkje ukritiske. Over 200 personar var på Kråkeroi denne dagen.
Foto: Morten Brakestad

– Med ei gjennomsnittsinntekt på 660 000 kroner og ein inntektsauke på 13 % frå året før, har bøndene liten grunn til å klage på regjeringa, sa stortingsrepresentant Erlend Larsen (H) i partidebatten på den årlege stølsdagen til Vest-Telemark Bonde- og Småbrukarlag. Ingen tok til motmæle, men mange av tilhøyrarane utveksla undrande blikk og rista stilt på hovudet.

At påstanden blei ståande uimotsagt, kom nok i stor grad av at det var mange politiske ballar i den klåre fjellufta på ein gong. Det hadde lykkast lokallaget og fylkeslaget å samle dei fremste kandidatane til årets fylkestingsval høgt til fjells på den siste sundagen i juli for å diskutere bruken av utmarka. Alle stortingspartia var til stades, bortsett frå Frp som valde å ikkje koma. – Den gode oppsluttinga må me sjå som uttrykk for at landbruket er i ferd med å bli ei politisk viktig næring att, sa debattleiar Kathrine Kinn, organisatorisk nestleiar i NBS.

Med åtte taletrengde og taleføre politikarar, mange deltema og avgrensa tid blei det korkje høve til å gå djupt inn i spørsmåla eller opne for innlegg frå dei mange tilhøyrarane som sat i kring. Alle politikarane prisa staden, stølsdrifta og bruken av utmarksbeitet, og målet om å «ta heile landet i bruk» blei formulert like ofte av regjeringspartia som av opposisjonen.

Brunen vil gjerne halde eit innlegg, men slepp ikkje til. Frå venstre: Sondre Aasan, Kathrine Kinn, Torunn Hovde Kaasa (SV) og Terje Riis Johansen (Sp).

Foto: Arne Vinje

Kraftfôr eller grovfôr

– Men kvifor går då beitebruken ned, og kvifor blir det stadig færre stølar, spurde debattleiaren. – Å bruke kraftfôr i staden for beiting er meir praktisk og gjev større produksjon, svara Terje Riis Johansen (Sp), mjølkeprodusent, tidlegare landbruksminister og fylkesordførar. – Kraftfôret er for billig, sa Torunn Hovde Kaasa (SV), og fekk støtte av Ottar Flatland frå Raudt, sjølv stor mjølkeprodusent og aktiv i Bondelaget og Tine. Saman med fylkesordførar Sven Tore Løkslid (Ap) og listetopp Harald Moskvil (Mdg) var dei kritiske til endringane i støtteordningane som fører til meir sentralisering og sterkare intensivering av husdyrproduksjonen.

Erlend Larsen har yrkesmilitær bakgrunn, og blei innleiingsvis spurt om han såg ein samanheng mellom behovet for militær beredskap og matvarerberedskap. Det gjorde han ikkje. Tvert om meinte han at Noreg har eit større problem med overproduksjon enn med matvareskort, men såg at produksjonen av korn, frukt og grønt kan auke, slik siste jordbruksavtala legg opp til.

Rovdyr og hytter

Regjeringspartia var i det heile nøgde med tilstandane, og Lina Bringsli (KrF) meinte at med Bollestad som landbruksminister kunne bøndene no sjå endå ljosare på framtida. Semja mellom opposisjonspartia slo som venta ein sprekk då rovdyrspørsmålet kom opp. Terje Riis Johansen peika på kor demotiverande det er å produsere mat for ulven og ikkje for folk, og fekk dermed både Kåre Pettersen (Venstre), Erlend Larsen og Harald Moskvil på nakken. Det er ikkje ulv i Telemark, sa dei, og dei som måtte koma blir skotne. – Ja var det så vel, sa fleire av tilhøyrarane til kvarandre.

I spørsmålet om korleis satsinga på hytteturisme kan påverke utmarksbruken, hamna Høgre og Mdg på kvart sitt ytterpunkt. Larsen såg berre føremonar med den omfattande utbygginga i Rauland, den sytte for eit godt vareutval i butikkane og kunne gje grunnlag for å etablere base for luftambulanse i Vinje. Moskvil meinte på si side at det må bli slutt på å byggje luksushytter i urørd natur. Andre peika på behovet for balanse. – Utmarka er truga frå to kantar, sa Riis Johansen, frå kapitalsida som ønskjer kortsiktig gevinst på investeringar i turistindustrien, og frå vernesida som ofte er negativ til naudsynte tiltak i landbruket. Ei god forvalting må finne ein mellomveg.

Fylkesleiar Sondre Aasan takkar deltakarane: Torunn Hovde Kaasa (SV), Terje Riis Johansen (Sp), Erlend Larsen (H), Kåre Pettersen (V), Lina Bringsli (KrF), Harald Moskvil (Mdg), Ottar Flatland, (R) og Sven Tore Løkslid (Ap).
Foto: Morten Brakestad

Eit spørsmål om politikk

Etter ordskiftet heldt den politiske nestleiaren i NBS, Elin Bergerud, ein appell. Ho slo fast at ordskiftet viste ei gledeleg og tverrpolitisk positiv haldning til stølsdrifta og til verdien av å nytte meir av utmarksbeitet i matproduksjonen. Men når partane

møtest i jordbrukstingingane blir nettopp framlegg frå NBS om støtte til stølsdrift avvist. – Og det er her kampen står, sa ho. Det er ikkje ei naturlov som fører til at den norske matproduksjonen blir stadig meir tufta på ressursar me ikkje rår over sjølve, og gjer oss meir og ikkje mindre avhengig av fossil energi. Femti år etter at menneske landa på månen er det heller ikkje teknologien som gjer det umogleg å styre landbruket i ei anna retning.

Politisk nestleiar i NBS, Elin Bergerud, held ein kraftfull appell. Foto: Morten Brakestad

Nei, det er tale om politikk, og om interessemotsetningar. Sterke økonomiske krefter er tende med dagens utvikling mot meir sentralisering, stordrift, internasjonal handel og industrialisering. Det er desse kreftene NBS står opp imot, og skal me greie det, treng me støtte og oppslutning!

Melk og kjøtt som bærebjelke

Av Kathrine Kinn, på trykk i Dagbladet

Jeg har valgt å bli produsent av kjøtt og mjølk - og jeg mener det er det mest bærekraftige jeg kan gjøre. Da jeg var åtte år var jeg for første gang i et melkefjøs. Jeg var litt redd for de store dyrene, men samtidig fascinert av å se melka som strømmet ut av juret, en runde rundt i rørene rett under taket og ned i tanken. Jeg husker første gangen jeg fikk smake den ferske mjølka. Feit, men ikke god. Jeg var ikke vant til det. Jeg som var oppvokst med lettmelk og Norvegia syntes tankmelka smakte for mye.

MELKEPRODUSENT: - Mens venner og studiekamerater sitter i oslogryta og diskuterer FN-rapporter, kjøttkutt og klima, har jeg valgt å bli produsent av nettopp kjøtt og mjølk, skriver bonde Kathrine Kinn - her hjemme på gården i Flatdal i Telemark. Hun er også organisatorisk nestleder i Norsk Bonde- og Småbrukarlag.

Foto: Gunleik Mæland

Fascinasjonen for melkeproduksjon fulgte meg videre. Tilbake på skolebenken skrev jeg om besøkene i bygda. Jeg skrev om bønder som ikke maktet mer, solgte kvota, sendte bølingen til slakt. Jeg skrev om den eldre generasjonen som sørget over at harde tak ikke overlevde mer enn én generasjon etter dem.

På samme skolebenk lærte jeg at Norge er et land av bygdefolk, men lite om hvordan de levde. Jeg lærte ikke om nødvendigheten av melking, ysting, kinning og primkoking. At til hver gård eller bygd hørte det til en seter. At melk var upraktisk å håndtere fordi vi høstet utmarka som ofte lå langt hjemmefra. Derfor var kunsten å yste og kinne verdifull. Ost var lettere å frakte enn mjølk og hadde lengre holdbarhet. Smør var et betalingsmiddel. Hadde folk kunnet mer om hvordan vi klarte å overleve i dette kalde landet, ville kostholdsrådene i et klimaperspektiv tatt utgangspunkt i det som gror her, i stedet for et unyansert ja eller nei til kjøtt, tenker jeg ofte når kjøttdebatten blusser opp.

Selv har jeg fram til nå alltid bodd i eller nær byen, hatt en periode som vegetarianer, hatt verv i miljøbevegelsen og nesten fullført en mastergrad i sosiologi. Nå har jeg tatt en helomvendig og flytta til en fjellbygd. Jeg har blitt bonde.

For noen uker siden fikk jeg og samboeren min tak i en mjølkekvote. I en tid der forbruket av drikkemelk går ned. Norske forbrukere stiller spørsmål om metanutslipp, båsfjøs, at kua tas fra kalven og kraftfôrbruken. Næringa forsvarer og stadig sterke organisasjoner utfordrer. Så mens venner og studiekamerater sitter i oslogryta og diskuterer FN-rapporter, kjøttkutt og klima, har jeg valgt å bli produsent av nettopp kjøtt og mjølk - og jeg mener det er det mest bærekraftige jeg kan gjøre, samtidig som det har en historisk og kulturell verdi med lange røtter.

Foto: Siri Rasmussen

Vi satser smått, mener noen. Stort nok, mener vi. Ni melkekyr i et løsdriftsfjøs. Vi skal teste ku og kalv sammen og bygge opp en nedlagt seter. Ingen av oss mener at Rosa, Staslin eller Rosalin er klimaverstinger. De har aldri gravd etter olje med horna

sine. Telemarkskyri er helt uskyldige, mener vi. En nøysom rase som klarer seg godt i utmarka med sin lette kropp.

Sammen med menneskene som har levd her i Øvre-Telemark har hun mettet folk mange generasjoner bakover. Her oppe var beitemarkene så frodige at kyr kom fra flatbygdene for å tilbringe sommeren. Hun har produsert de herligste smaker for de som har et smaksgalleri utover Norvegia, som jeg heldigvis har fått. Ystil, saup eller kjernemjølk, smør, surmjølksoster som knåost og pultost, fløte, rømme, brunost, prim og så mye mer. Ku- og geitemelka er overlevelse, tradisjon og kultur her på berget, som i mange andre land.

Mange av mine venner i byen har ikke melk i kjøleskapet. De er ikke som pappa. Han drikker alltid to glass melk til frokost og ett glass melk til middag. På møter i miljøbevegelsen ser jeg med-aktivister hoppe over fatet med setersmøret mitt og heller velge plantebasterte og importerte alternativer på brødskiva. I vår tid er det ikke tvingende nødvendig å overleve på det overskuddet naturen rundt oss gir og forvalte den slik at vi får like mye igjen neste år, eller mer.

Vi kan fint overleve på import. Samtidig som de 100 000 setervollene vi hadde ved inngangen til 1900-tallet gror igjen.

Hvis du tror at jeg vil tilbake til tiden da kyrne ble håndmelka på setra, da tar du feil. Vi er moderne bønder. Vi har No-Fence teknologi slik at kyrne kan bevege seg i landskapet uten fysisk gjerde, GPS-teknologi på sauene, traktor og vi skal selvsagt investere i moderne melkemaskin. Det gammeldagse er at vi skal leve av det som gror her vi bor.

Det er ingen grunn til å juble over én ny seterbruker, for rundt oss på fjellet ramler fjøs, sel og ystebuer ned, råtner og blir til jord. Grana dekker stadig større deler, om ikke hele setervoller der det gjennom generasjoner har blitt produsert mat og mette mennesker. De lokale teknikkene og ferdighetene for å gjøre melka langtidsholdbar forsvinner når den siste budeia i bygda reiser fra gamlehjemmet til de evige grønne stølsvoller. Røttene våre forvitrer og få husker at rapende kyr og melka deres har holdt liv i flere enn det har tatt.

Les landskapet

Av Liv Kristin Sola, Bondevennen

Kan du lese landskapet og forstå korleis ting heng saman, då kan du sette deg sjølv i førarsetet og i større grad påverke både avlingsnivå og ugraskampen. Det er bodskapen frå Anders Lerberg Kopstad som vitja Hjartdal, i Telemark, onsdag i førre veke. Kopstad er sauebonde, rådgivar og føredragshaldar blant anna innan regenerativt landbruk og heilskapleg beitedrift.

Om lag 30 bønder og rådgivarar er samla på fjøsloftet hjå Teleros samdrift. Dei vert utfordra på etablerte sanningar og oppmoda til å sjå naturen og dei biologiske prosessane i samanheng. Tema for kvelden er heilskapleg beitedrift.

– Både graset og ugraset fortel deg noko om korleis tilstanden er i jorda. Din jobb er å legge til rette for god vekst for dei artane du vil skal utvikle seg. Det skjer gjennom god tilgang til vatn og gode tilhøve for jordlivet slik at næringsstoff kan omdannast og gjerast tilgjengelege for plantene, seier Kopstad.

Kva fortel høymola?

Bonden fortel om mange års erfaring med å dra opp høymole. Det har han slutta med. – Tingen er at høymole, som alle andre artar, gir deg ei melding, seier Kopstad, og ber bøndene tenke etter kor dei finn mykje høymole. – Høymola finn du ved grinda, ved oppkøyringa til låven og i innhegninga til hestane. Høymola trivst i område der dyra samlast og trakkar, som ved vasskjelder, fôrhekkar eller saltsteinar, seier Kopstad. Planten fortel deg at her er det godt gjødsla, høg pH og hard bakke, trakka av dyr eller maskinar. Rota til planten kan trenge gjennom det meste av jordsmonn.– Har du høymole eller anna ugras er det fordi veksttilhøva for akkurat desse plantene er optimale der kor dei veks. Skal du verkeleg få bukt med problemet, nyttar det lite å gå og dra dei opp. Dei kjem att, lovar Kopstad, og bøndene nikkar. Skal du få bukt med dei må du endre vekstgrunnlaget og gjere det utriveleg for desse plantene, er rådet.

Kva seier brennesla?

Også brennesla sender ut ei tydeleg melding. – Planten er ekstremt glad i nitrogen og veks godt der det er meir gjødsel enn naturen klarer å handtere, forklarer Kopstad. Mykje brennesle kan tyde på oppsamling av nitrogen på grunn av avrenning eller gjødsel på avvegar. Beite som er overbeita og i tillegg gjødsla med husdyrgjødsel, kan gi overskot av nitrogen og gode veksttilhøve for brennesle. – Observasjonar av brennesle rundt eit tre eller ved hushjørnet har også ei naturleg forklaring, kommenterer Kopstad. Bøndene tek poenget og flirer. – Slik er naturen skrudd saman, seier Kopstad. Han meiner å vere ein dårleg biolog, og kan ikkje strø om seg med latinske namn på plantene. Men bonden er i stand til å kjenne att dei ulike plantene og merke seg kor dei trivst. – Då er eg godt hjelpt, seier Kopstad. Hard beiting reduserer avlinga. Tradisjonell beitedrift handlar om å sleppe dyra til når graset er 10-15 cm og la dei beite ned. Kopstad snur opp ned på denne praksisen og grunngjer det med graset si utvikling.

. – Når graset er nedbeita tek det tre til fire dagar før planten utviklar nye skot. Dei nye skota hentar næring frå røtene, før dei etter kvart når eit punkt kor dei hentar meir energi frå sola enn frå røtene. Det gir røtene høve til å kvile og utvikle seg, forklarer Kopstad. Han rådar bøndene til å vente til graset er kring 25 cm, og la dyra beite ein kortare periode til dei har beita toppane. Når graset er 10-15 cm tek planten opp mest sollys og har høgast tilvekst.

Rådgivar og sauebonde, Anders Lerberg Kopstad, utfordrar bøndene med tankar som rokkar ved etablert praksis. Bøndene let seg engasjere, men somme er skeptisk til korleis tankane kan gjennomførast i praksis.
Foto: Liv Kristin Sola

– Overbeiting over tid vil svekke rotsystemet. Bladmassen får for lite næring og graset vil sette skot lenge før det utviklar god bladvekst. Det reduserer avlinga, seier Kopstad. Kopstad oppmodar bøndene til raske skifte mellom beitene og la graset få tid til å hente seg inn mellom kvar avbeiting. – Det er vi bønder som bestemmer kor godt vi kan utnytte beitene våre gjennom måten vi organiserer beitinga, konstaterer sauebonden.

Ingen eintydige svar

Ein engasjert tilhøyrargjeng har mange spørsmål, men får få svar.– ”One size fits none”, seier Kopstad, og understrekar at løysingane er å finne på kvart enkelt bruk, basert på bonden sine ønsker og kva dei rår over av jord, dyr og menneskelege ressursar.

– Når eg jobbar med bønder får eg alltid mange konkrete spørsmål - korleis beite, korleis bli kvitt høymola, korleis gjerde, og så vidare, seier rådgivaren. Han forstår at bønder ønsker klare

råd, men meiner han har feila som rådgivar om han gir eintydige svar.
– Min jobb er å hjelpe deg til å forstå kvifor ting skjer. Forstår du kvifor ting skjer, er du sjølv i stand til å finne løysingar – og då treng du ikkje fleire råd, seier Kopstad.

Teknologi kan ikkje erstatte kunnskap

Han vert stadig overraska over at bønder som arbeider med naturen, ofte har lite innsikt i dei biologiske prosessane og korleis naturen fungerer.
– Har vi for lite kunnskap om naturen, vert vi offer for omstenda, seier Kopstad. Han meiner landbruket i ein lang periode har prøvd å kompensere for manglande kunnskap om naturen ved å utvikle og ta i bruk teknologiske løysingar.
– Likevel sit vi att med dei same utfordringane, seier Kopstad. Han ser på teknologi som nyttige verktøy, men teknologi åleine kan ikkje løyse biologiske utfordringar. Biologiske problem har biologiske løysingar, er konklusjonen.
– Vi må lære å lese landskapet og forstå kvifor ting skjer. Då er det vi som er i førarsetet, seier Kopstad.

Regenerativt landbruk

Regenerativt landbruk handlar om å prøve å forstå naturen og bruke rett verktøy for å klare å gjere ting betre. For å vite kva som er rett må det vere eit mål for drifta. Og du må kunne måle at du gjer ting betre. Regenerativt landbruk handlar om natur, produksjon og økonomi, men ikkje minst også korleis bonden har det og korleis familien fungerer sosialt. Det blir færre bønder, færre bruk og meir press på dei som er att.

Foto: Kari Tellefsen

Oversikt reduserer stress

Skal bonden få eit godt liv, må det vere balanse mellom risiko og det som kan føreseiast. Usikkerheit skapar stress – då handlar det om å planlegge det som kan planleggast, både drift, sosialt og økonomisk. Det ein veit skal skje må plottast inn, og ein kan planlegge beitesesongen og legge til rette for ferie og tid med familie, og økonomi. Kan du planlegge det føreseielege, blir det lettare å handtere det uføresette. Bonden må vere i forkant og styre bedrifta, ikkje bli eit offer for «det som skjer». Styr beiteåtferda: Har du vekstar som dyra ikkje vil ete, er alternativet å samle dyra i det området, til dømes ved å nytte saltstein. Mykje trakking tek effektivt knekken på plantevekst. Hjå Teleros samdrift beitar kyrne på rydda skog.

Det naturlige valget

Nortura
bondens selskap

Nortura eies av bønder, styres av bønder og har samme mål som bønder - å skape best mulig økonomi for bonden.

Foto: Rune Bendiksen / Studio B13

Returadresse:
Kari Tellefsen
Jordivegen 29
3890 Vinje

KLIMANØYTRAL DISTRIBUSJON
Levert av Posten

NORGE P. P.
posten

Felleskjøpet

Vi hjelper deg å bruke innetida smartere

Åkrene kan hvile, men ikke du.
Innenfra skal du drive gården mot en ny sesong, og det er mange smarte måter å gjøre det på.

Vi vet at det er hvordan du bruker tida inne som gir resultater når alt starter igjen ute. Da er det godt at du ikke er alene.
Ring 72 50 50 50 så hjelper vi deg.

Les mer på **www.felleskjopet.no**